

MOT TIL Å MEINA

Demokratiopplæring for
vidaregåande skule

INNHALD

1. Bevisstgjøring	1
2. Innleiande klassedebatt	2
3. Politiske saker - elevpresentasjonar	3
4. Å påverka politikken - journalistbesøk	5
5. Å påverka politikken - saksengasjement	6
6. Organisasjonane si påverknadskraft	7
7. Skuledebatt og skuleval	8
8. Besøk av vallokale	9

Vedlegg A: Oppgåveark kap. 2 – INNLEIANDE KLASSEDEBATT

Vedlegg B: Oppgåveark kap. 3 – POLITISKE SAKER

Vedlegg C: Oppgåveark kap. 5 – Å PÅVERKA POLITIKKEN

Samfunnsfag Vg1

Målet med dette pedagogiske opplegget er å oppfordra elevane til å ha sine egne meiningar, og å visa dei at dei kan spela ei rolle i det samfunnet me lever i.

Dette er tenkt å vera ei praktisk tilnærming til demokratiopplæring (hovudsakleg læreplan-område Politikk og demokrati), og det skal gi elevane ei kjensle av heilskapen i politikken og korleis velferdsstaten fungerer.

I læreplanen for samfunnsfag kan ein lesa at formålet med faget blant anna er:

Samfunnsfaget skal difor gje djupare forståing av forholdet mellom samfunnslivet og det personlege livet, og stimulere til erkjenning av mangfaldet i samfunnsformer og levevis. På denne bakgrunnen skal faget gje elevane større evne til å tenkje fritt, perspektivrikt, kritisk og tolerant. Ved å påverke lysta til å søkje kunnskap om samfunn og kulturar skal faget òg fremje evna til å diskutere, resonnerer og til å løyse problem i samfunnet.

Vidare i heftet finn du forslag til praktiske tilnærmingar til demokratiopplæring i samfunnsfag.

1. Bevisstgjeriing

Først kan ein ha ei lita bevisstgjeriing rundt kva demokrati er, både som prinsipp og i kvardagen til kvar enkelt. Her kan læraren gjerne stilla eit såpass ope spørsmål som ”Kva betyr demokrati for deg?”. Så bør elevane få litt tid kvar for seg til å notera stikkord eller laga seg tankekart med assosiasjonar. Deretter kan ein diskutera det i mindre grupper, eller felles i heile klassen. Læraren kan gjerne laga eit felles tankekart på tavla der han skriv opp dei innspela elevane kjem med.

Med dette tankekartet som utgangspunkt kan læraren gå vidare med å forklara prinsippa som ligg til grunn for demokratiet, og dei ulike demokratiformene ein har. Her bør ein poengtera at demokratiet er avhengig av at enkeltindividet engasjerer seg og deltar i diskusjonar og beslutningsprosessar.

Elevar gir uttrykk for at det er lettare å bli engasjert om undervisninga blir knytt til aktuelle, lokale saker, og at det blir fokusert på at enkeltelevane faktisk kan påverka kva som skjer i politikken.

Eit interessant punkt ein kan ta med i diskusjonen, er på kva måte politisk engasjement heng saman med identitet – både det å vera politisk engasjert og det å ikkje vera det heng saman med tilhøyrslle til meiningfelleskap og kva identitet ein har eller ønsker å formidla at ein har.

Tankekart

- Individuelt
- Felles i klassen
- Lærar forklarar
- Knytt til lokale og aktuelle saker

STIKKORD

2. Innleiande klassedebatt

- Elevane får velja saker og standpunkt
- Gruppearbeid, førebu argument
- Bli einige om klare reglar og sanksjonar
- Gjennomgang av debatteknikk
- Elevpanel gir poeng til gruppene (basert på deltaking og overhalding av reglar)
- Karaktergivande vurderingssituasjon

Sjå vedlegg A

STIKKORD

Her kan elevane sjølv få foreslå kva tema som skal debatterast, eventuelt kan læraren komma med innspel og forslag. Det kan vera lurt å velja aktuelle saker som er oppe i media, for så å knytta desse til læreplanen (gjerne til alle område, her er fokus på det å debattera, ikkje nødvendigvis eit bestemt læreplanområde). Aktuelle saker kan til dømes dreia seg om lokale saker, avgjerdsler som påverkar ungdommen, eller andre saker som engasjerer lett (miljø, dyrevern, elevrettar o.l.).

Det er viktig å velja saker som faktisk engasjerer elevane, og å la dei velja side i saka sjølv, elevane opplever det som svært demotiverande å få tildelt standpunkt som dei skal argumentera for. Det kan vera lurt å spissa sakene, og å prøva å finna provoserande formuleringar som utgangspunkt for debatten.

Debatten bør vera ein karaktergivande vurderingssituasjon, det fører til større engasjement blant elevane. Det kan òg vera lurt å ha eit poengsystem, der gruppene får poeng om alle i gruppa aktivt tar del i debatten (ein kan gjerne setja saman eit elevpanel som får ansvar for å tildela desse poenga), og poenga bør påverka karakteren.

Klassen bør diskutera seg fram til klare reglar for debatten i forkant, og ein bør også avklara kva sanksjonar ein skal bruka om nokon bryt reglane. Her kan ein gjerne bruka elevpanelet (frå avsnittet over) som ”politi”, og aktuelle sanksjonar kan vera trekk i poeng.

Forslag til framdrift:

Del 1: Lærarstyrt diskusjon i klassen:

- a. meiningar vs fakta
- b. følelsar vs argument
- c. underhaldning vs seriøsitet
- d. skjult vs open argumentasjon

Del 2: Førebuing i grupper:

Elevane blir delte i mindre grupper som skal utarbeida argument for ei sak, eller ei side av ei sak. Her får elevane tid til å innhenta informasjon og fakta, og til å førebu seg som gruppe.

Del 3: Klassedebatt:

Her er det viktig å avklara kva reglane for debatten er, korleis ein skal ta ordet og kva som er god og dårleg åtferd i ein debatt. Ein kan godt utnemna ordstyrarar og øva på formell debattskikk generelt her (innlegg, replikk osv).

Sjå vedlegg A.



3. Politiske saker - elevpresentasjonar

Den tradisjonelle oppgåva med at elevane skal presentera kvart sitt politiske parti fungerer dårleg. Det blir for stort fokus på partiprogram framfor forståing for det ideologiske grunnlaget for partiet. Derfor kan det vera meir interessant og meningsfylt å fokusera på saker framfor parti.

Det er viktig at læraren har ein gjennomgang av ulike ideologiske retningar før gruppearbeidet, slik at elevane har ein viss kjennskap til dei ulike plattformane partia har vakse ut ifrå.

Elevane blir delte inn i grupper, og får i oppgåve å presentera ei politisk sak.

Gruppene får velja (eventuelt får tildelt dersom dei ikkje kjem på noko), kvar si politiske sak som dei skal presentera for resten av klassen. Elevane må så finna ut kva saka dreier seg om, kor dei ulike partia står i saka og kva mulege løysingar ein kan finna.

Forslag til saker (de må gjerne finna meir dagsaktuelle og evt lokale saker):

- **Norsk EU-medlemskap**
- **Bistandspolitikk**
- **Statens lånekasse for utdanning**

Elevane blir delte i grupper, og får i oppdrag å laga gruppepresentasjonar, enten i form av ein muntleg presentasjon (eventuelt med powerpoint), eller ein dokumentar-film/-montasje.

Elevane bør oppfordrast til å gi tilbakemeldingar på presentasjonane til dei andre gruppene, enten gjennom responsgruppeordning (kvar gruppe får i oppgåve å gi respons til ei bestemt anna gruppe, både positiv og negativ respons), gjennom å stilla (evt. førebudde) spørsmål til emnet, eller gjennom at læraren etter kvar presentasjon stiller tilfeldige elevar spørsmål av typen: "Kva er det viktigaste du lærte av denne presentasjonen?" (Evt. "Nemn tre ting du lærte nå som du ikkje kunne frå før.")

Sjå vedlegg B.

- Gruppearbeid
 - Elevane vel sak sjølv
 - Presentera for klassen:
 - * *Kva dreier saka seg om*
 - * *Kva meiner dei ulike partia*
 - * *Mulege løysingar i saka*
 - Presentasjonsform:
 - Powerpoint eller kort dokumentarfilm*
 - Elevane gir tilbakemelding på dei andre gruppene sine presentasjonar
- Sjå vedlegg B*

STIKKORD

LÆREPLANMÅL

Politikk og demokrati

- identifisere grunnleggjande skilnader mellom dei politiske partia i Noreg, og argumentere frå ulike politiske ståstader

Internasjonale forhold

- gjere greie for EU sine mål og styringsorgan og diskutere Noreg sitt forhold til EU
- bruke digitale verktøy til å finne døme på ulike typar konflikter i verda og presentere ein aktuell internasjonal konflikt og forslag til å løyse konflikten
- gjere greie for årsaker til at somme land er fattige og somme rike og drøfte tiltak for å redusere fattigdom i verda
- gjere greie for kva som kjenneteiknar internasjonal terrorisme og reflektere over årsaker til terrorisme
- diskutere samanhengen mellom økonomisk vekst, miljø og berekraftig utvikling

4. Å påverka politikken - journalistbesøk

Kva påverker politikken? Kan du som enkeltindivid vera med på å styra kva retning landet vårt tar? For å få svar på desse spørsmåla kan ein invitera inn representantar frå media.

Ein kan invitera ein journalist til å komma og snakka med klassen om korleis media kan påverka politikken, og korleis vanlege borgarar kan bruka media til å få fremja saker dei meiner er viktige. Journalisten bør oppfordrast til å laga ein lettfatteleg presentasjon, gjerne med eksempel frå reelle saker i media. Her kan det passa godt at elevane har førebudd spørsmål som journalisten får svara på.

Elevane set stor pris på å få høyra andre enn læraren fortelja, og det kan opna for ny forståing og innsikt.

- Inviter journalist på besøk i klassen
- Klassen førebur spørsmål
- Journalisten fortel om media sin påverknad på politikken
- Klassen stiller spørsmål

STIKKORD

LÆREPLANMÅL

Politikk og demokrati

- gjere greie for korleis ein sjølv kan vere med i og påverke det politiske systemet og diskutere kva som kan truge demokratiet
- diskutere samanhengar mellom styreform, rettsstat og menneskerettar

5. Å påverka politikken - saksengasjement

Det blir sagt at dagens unge ikkje engasjerer seg i parti, men i saker. Konkrete saker er ofte lettare å forhalda seg til og å gjera seg opp ei meining om. Dagens politiske parti er innfløkte og mangesida, og kan derfor vera vanskelegare å få tak på for ungdommar som er nye som (nesten) vaksne borgarar. Å arbeida med enkeltsaker kan vera ein fin måte å konkretisera korleis elevane kan vera med og påverka politikken.

- Elevane finn ei sak som engasjerer dei

- Gruppearbeid:

* laga ein plan for å påverka kva som skjer vidare i saka

* planlegga (og evt. gjennomføra) tiltak (f.d. underskriftskampanje, facebookaksjon, mediastunt, demonstrasjon osv)

- Presentera for klassen

- Presentasjonsform:

* klassisk munnleg,

* kort dokumentarfilm

* eller andre former

Sjå vedlegg C

Elevane får tid til å lesa igjennom dagens aviser og nettaviser for å sjå kva saker som er oppe i media. Der får dei i oppgåve å finna saker som engasjerer dei. Eventuelt kan dei velja saker dei kjenner til som ikkje blir dekte i media. Det er viktig at elevane faktisk får velja både sak og standpunkt sjølv her, det bygger opp om kjensla av at dette faktisk er noko som er overførbart til livet utanom skulen, det verkelege livet.

Elevane samlar seg i mindre grupper, der kvar gruppe har valt si felles sak. Deretter skal dei leggja ein plan for korleis dei kan påverka kva som vil skje vidare i denne saka. Dei må planlegga (og gjerne òg gjennomføra) eit eller fleire tiltak for å fremja deira standpunkt (underskriftskampanje, facebookaksjon, youtube-film, mediastunt, demonstrasjon, skriva brev til politikarar osv). Det er flott om elevane kjem på eigne måtar å synleggjera saka i det offentlege på.

Gruppearbeidet bør munna ut i ei eller anna form for presentasjon av arbeidet, enten ein klassisk munnleg presentasjon, ein kort dokumentarfilm om saka og tiltaka eller andre presentasjonsformer.

Sjå vedlegg C.

STIKKORD

LÆREPLANMÅL

Politikk og demokrati

- gjere greie for korleis ein sjølv kan vere med i og påverke det politiske systemet og diskutere kva som kan truge demokratiet

6. Organisasjonane si påverknadskraft

Ein viktig måte ein som enkeltindivid kan påverka politikken på, er gjennom medlemskap i ulike organisasjonar. Det finst eit mangfald av organisasjonar som i ulik grad er politisk aktive, og som tar i bruk ulike verkemiddel for å fremja sine saker.

- Inviter representantar for ulike organisasjonar på besøk i klassen
- Klassen førebur spørsmål
- Organisasjonane fortel om korleis dei arbeider for å fremja si sak for politikarane
- Klassen stiller spørsmål

STIKKORD

Ein kan invitera representantar frå ulike organisasjonar til å fortelja om arbeidet organisasjonen driv med. Korleis går dei fram for å nå politikarane med sine saker? Kva metodar tar dei i bruk (lobbyverksemd, underskriftskampanjar, demonstrasjonar, aksjonar, sivil ulydnad)?

Mange ungdomsorganisasjonar (t.d. Natur og Ungdom, Norsk Mål-ungdom o.l.) vil nok gjerne koma på besøk. Slike besøk gir dei ein sjanse til å visa fram arbeidet sitt, og kanskje driva rekruttering. Det blir òg ein fin måte for elevane å få oppleve engasjementet som ligg i organisasjonane, trua på at ein saman kan endra på noko.

Her bør elevane ha fått førebu spørsmål til organisasjonane.

LÆREPLANMÅL

Politikk og demokrati

- gjere greie for korleis ein sjølv kan vere med i og påverke det politiske systemet og diskutere kva som kan truge demokratiet
- diskutere samanhengar mellom styreform, rettsstat og menneskerettar
- gjere greie for styreforma og dei viktigaste politiske styringsorganane i Noreg og drøfte fleirtalsdemokratiet i forhold til urfolk og minoritetar
- identifisere grunnleggjande skilnader mellom dei politiske partia i Noreg, og argumentere frå ulike politiske ståstader
- gjere greie for sentrale kjenneteikn ved norsk økonomisk politikk
- forklare kva som ligg til grunn for velferdsstaten og vurdere utfordringar som velferdsstaten står overfor

Desse må organiserast ryddig!

Debatten:

- * La elevane velja tema til debatten i forkant
- * Unngå at bare dei mest ekstreme og populistiske politikarane stiller opp
- * Ha streng kontroll på debatten, slik at ein held seg til saka og unngår at det ender opp i personangrep.

Valet:

- * Så likt det verkelege valet som muleg (avlukke, stemmesetlar osv.)

STIKKORD

7. Skuledebatt og skuleval

Dei fleste skular driv allereie med organiserte skuledebattar og skuleval i forkant av dei offisielle kommune- og stortingsvala. Det er viktig at desse tiltaka er ryddig og godt organiserte, slik at alle får best muleg utbytte.

Debatten

Det kan vera lurt å avtala nokre få hovudtema for debatten med politikarane på førehand, slik at det heile meir heilskapleg og strukturert. Elevane kan gjerne få bestemma kva desse hovudtemaa skal vera, og dei bør få tid til å førebu spørsmål som dei kan stilla til politikarane under debatten.

Mange parti vel å senda dei mest ekstreme og populistiske politikarane til slike debattar, dette oppfattar elevane som usmakeleg, så det kan vera lurt å prøva å få tak i politikarar som i større grad representerer det som samlar partiet.

Elevane reagerer også ofte negativt på at politikarane bruker mykje av debattida til å rakka ned på kvarandre, i staden for å fortelja om kva nettopp deira parti står for. Som mottiltak mot dette, kan ein inngå ein avtale om at ein kuttar lyden i mikrofonen dersom nokon gjer dette.

Valet

Først og fremst bør skulevalet vera så likt det verkelege valet som muleg, med avlukke og stemmesetlar som liknar det som møter ein førstegongsveljar i vallokalet.

LÆREPLANMÅL

Politikk og demokrati

- gjere greie for korleis ein sjølv kan vere med i og påverke det politiske systemet og diskutere kva som kan truge demokratiet
- diskutere samanhengar mellom styreform, rettsstat og menneskerettar
- gjere greie for styreforma og dei viktigaste politiske styringsorgana i Noreg og drøfte fleirtalsdemokratiet i forhold til urfolk og minoritetar
- identifisere grunnleggjande skilnader mellom dei politiske partia i Noreg, og argumentere frå ulike politiske ståstader
- gjere greie for sentrale kjenneteikn ved norsk økonomisk politikk
- forklare kva som ligg til grunn for velferdsstaten og vurdere utfordringar som velferdsstaten står overfor

8. Besøk av vallokale

For mange ungdommar er det å stemma for første gong ganske skremmande. For å avmystifisera situasjonen kan det vera greitt om ein tar klassen med på besøk i vallokala. Mange kommunar stiller seg positive til å ta imot klassebesøk av framtidige veljarar i vallokala.

- Klassebesøk i vallokala til kommunen
- Omvisning og gjennomgang av kva som skjer på valdagen

STIKKORD

Eit besøk av vallokala kan vera med på å få opp andelen førstegongsveljarar: Det er lettare å tora å stemma når ein veit kor ein skal gå, og kva som vil skje der.

I forkant av eit slikt besøk er det fint om elevane kan få ein gjennomgang av korleis ein faktisk stemmer, der dei får utdelt stemmesetlar som dei kan kryssa på og kumulera.

Her er ei fin innføring ein kan visa:

<http://www.youtube.com/watch?v=c7mOuzwPPgk>

Mot til å meina – oppgåve og vurderingskriterium INNLEIAND E KLASSEDEBATT

Vurderingskriterium



Oppgåva

Grupper å 5-6 elevar.

Finn ei sak de vil presentera og argumentera rundt. Det er viktig at de viser saka frå fleire ulike sider, men de kan gjerne enda opp med å ta eit standpunkt.

Førebuing: Samla informasjon om saka, fakta og eksempel.

Presentasjon: Presenter saka for resten av klassen og vis til ulike sider ved saka. Denne presentasjonen bør vara ca 2-5 minutt.

Debatt: Etter presentasjonen blir det opna for klassedebatt rundt saka.

Kvar gruppe vel ut to representantar, ein til å vera ordstyrar og ein til å vera med i elevjuryen.

Reglar for debatten

Ordstyrarsvaret går på omgang, med to ordstyrarar til ei kvar tid. Ordstyrarsvaret skal aldri ligga på representanten til den gruppa som presenterer si sak.

Ordstyrarane fører taleliste. Ein teiknar seg for å få tale ved å gjera teiken:



INLEGG

– talaren gjer greie for sitt syn
(maksimal taletid 3 minutt)



REPLIKK

– direkte svar på innlegg
(maksimal taletid 1 minutt)

Ordstyrarane må vera strenge på tidsavgrensinga, og kan ta ordet frå talorar som har gått over tida.

Poengsystem

I forkant av debatten blir klassen einige om eit poengsystem, for eksempel slik:

Deltaking i debatten: 1-5 poeng

Overhalding av debattreglane: 1-5 poeng

Elevjuryen noterer individuelt og samlast etter debatten for å samnskast om poengfordeling. Denne juryen skal dela ut poeng til gruppene på grunnlag av dei kriteria klassen har blitt enige om på førehand.

	1-2	3-4	5-6
Førebuing	Gruppa møter uførebudd eller minimalt førebudde til debatten.	Gruppa framstår som nokså godt førebudd på debatten.	Det går tydeleg fram at gruppa har førebudd seg godt på debatten og sett seg grundig inn i saka dei presenterer.
Forståing for saka	Gruppa viste i litt grad forståing for saka, og presentasjonen varf lite nysert.	Gruppa viste forståing for dei viktigaste sidene ved saka og presenterte dei på ein forståeleg måte.	Gruppa viste god forståing for alle sider ved saka og presenterte på ein forståeleg og overtydande måte.
Argumentasjon i presentasjonen	Ikke alle påstandar varf underbygd av fakta eller eksempel.	Alle påstandar varf underbygd av delvis relevante fakta og / eller eksempel.	Alle påstandar varf klart underbygd av relevante fakta og / eller eksempel. Mange ulike informasjonskjelder varf brukte.
Fordeling av presentasjon i gruppa	Presentasjonen er skeivt fordelt i gruppa, enkelte deltek lite eller ingenting.	Presentasjonen er nokså jamt fordelt i gruppa, alle deltek.	Presentasjonen er jamt fordelt i gruppa. Alle deltek like mykje.
Argumentasjon i fri debatt rundt eiga sak	Ikke alle i gruppa deltek og påstandar blir i litt grad underbygd av fakta og / eller eksempel.	Alle i gruppa deltek til ei viss grad og påstandar blir stort sett underbygd av fakta og / eller eksempel.	Alle i gruppa deltek og påstandar blir underbygd av fakta og / eller eksempel.
FRI DEBATT	Argumentasjon i fri debatt rundt andre grupper sine saker	Ikke alle i gruppa deltek og påstandar blir i litt grad underbygd av fakta og / eller eksempel.	Alle i gruppa deltek til ei viss grad og påstandar blir stort sett underbygd av fakta og / eller eksempel.
Debattreglar	Debattreglane blir i litt grad overhaldne.	Debattreglane blir stort sett overhaldne.	Debattreglane blir overhaldne.
Poeng frå elevjuryen			

Mot til á meina – oppgáve og vurderingskriterium
POLITISKE SAKER – ELEVPRESENTASJONAR

Vurderingskriterium



	1-2	3-4	5-6
FØREBUING			
Førebuing	Gruppa møtur uførebudat ella minimallt førebudat til presentasjónen.	Gruppa framstór som noksá goot førebudat på presentasjónen.	Det gár tydaleg fram at gruppa har førebudat seg goot på presentasjónen og sett seg grunndig inn í saka dei presenterer.
Forstóing for saka	Gruppa viste í líta grad forstóing for saka, og presentasjónen bléi líte nýansert.	Gruppa viste forstóing for dei víktigastu síðunum ved saka og presentertu dei på ein forstóeleg máte.	Gruppa viste goot forstóing for allar síður ved saka og presentertu på ein forstóeleg og overtyðandemáte.
Fordeiling av presentasjón í gruppa	Presentasjónen er skeivt fordeilt í gruppa, enkelte deltek líte ella ingenting.	Presentasjónen er noksá jamt fordeilt í gruppa, allar deltek.	Presentasjónen er jamt fordeilt í gruppa. Allar deltek líke mykje.
Powerpoint	Uklar bruk av powerpoint, mykje tekst og rotete framstilling.	Fin bruk av powerpoint.	Ryddig bruk av powerpoint som stóttar og utdjar presentasjónen.
Dokumentarfilm / montasje	Til ei viss grad relevant framstilling av saka. Noko goot bruk av lyd, bilete og evt. tekst.	Relevant framstilling av saka. Goot bruk av lyd, bilete og evt. tekst som kastar lys over saka.	Svært relevant framstilling av saka. Gjennomtenkt og goot bruk av lyd, bilete og evt. tekst som kastar lys over og utdjar framstillinga.
PRESENTASJON			
Tíð	Gruppa held seg líkile innanfor tidsgrænsu på 5-10 minutt.	Gruppa held seg innanfor tidsgrænsu på 5-10 minutt.	Gruppa held seg innanfor tidsgrænsu på 5-10 minutt.
RESPONS			
Respons til annar gruppu	Fá ella irrelevantu kommentarar. Líte respektfull halding til annar gruppu.	Gode og varíteru kommentarar lagt fram på ein respektfull máte.	Gjennomtenkte og reflektarðu kommentarar lagt fram på ein respektfull máte.

Presentasjónen bør vara 5-10 minutt.

- Førebuing:** Samla informasjon om saka, fakta og eksempel, utarbeida presentasjon (powerpoint, dokumentarfilm / montasje).
- Presentasjon:** Presenter saka for resten av klassen og vis til ulike síður ved saka.
- Respons:** Responsgruppe (gruppa har ansvar for á gi tilbakemeldingur til ei bestemt anna gruppu) og/ella spærjunde etter presentasjónen.

- Grupper á 3-4 elever.
- Fin ei politisk sak de vil presentera for resten av klassen. Finn ut:
- Kyva saka dreier seg om.
 - Kor dei ulike partia stór í saka
 - Mulege lóysingar / utvikingar í saka

Oppgáva

- Oppgåva**
- Grupper å 3-4 elevar:
- Finn ei politisk sak som engasjerer dykk:
- Lag ein plan for å påverka kva som skjer vidare i saka
 - Planlegg og gjennomfør minst 2-3 ulike tiltak
 - Lag ein presentasjon av saka og tiltaka
 - Presenter for klassen (f.eks. med powerpoint, foredrag eller dokumentarfilm)

- Førebuing:** Vel sak og legg ein plan for aksjonsarbeidet.
- Gjennomføring:** Gjennomfør 2-3 ulike tiltak. Sørg for å dokumentera arbeidet (notat, fotografi, skjermdump o.l.).
- Presentasjon:** Presenter arbeidet for klassen og forklar kva tiltak de har valt, kvifor de valde denne framgangsmåten og kva erfaringar de har gjort.
- Var aksjonen vellukka?
 - Hadde de valt passende tiltak for å nå fram i saka?
 - Ville de gjort noko annleis om de skulle gjort det om igjen?

Presentasjonen bør vara ca 5 minutt.

	1-2	3-4	5-6
FØREBUING			
Aksjonsplan	Gruppa har lagt ein plan der dei har valt aksjonsmåtar som kanskje kan gjennom-førast og som kan tenkast å gi resultat i saka.	Gruppa har lagt ein god plan der dei har valt aksjonsmåtar som stort sett er realistiske å få gjennom-ført og som kan gi resultat i saka.	Gruppa har lagt ein grundig plan der dei har valt aksjonsmåtar som er realistiske å få gjennom-ført og som vil gi resultat i saka.
Tiltak	Gruppa fekk gjennomført få eller ingen tiltak, dei tiltaka som blei gjennomført var lite relevante.	Gruppa fekk gjennomført ein del ulike tiltak og tiltaka er nokså varierte og stort sett passende til saka.	Gruppa fekk gjennomført fleire ulike tiltak og desse tiltaka er varierte og passende til saka.
Dokumentasjon	Lite dokumentasjon føreligg.	Ein del dokumentasjon blir lagt fram.	Variert dokumentasjon blir lagt fram og gruppa har eit reflektert forhold til det
GJENNOMFØRING			
Fordeling av presentasjon i gruppa	Presentasjonen er skeivt fordelt i gruppa, enkelte deltek lite eller ingenting.	Presentasjonen er nokså jamt fordelt i gruppa, alle deltek.	Presentasjonen er jamt fordelt i gruppa. Alle deltek like mykje.
Presentasjonsform	Uklar bruk av presentasjonsverktøy, generelt ustrukturert presentasjon.	Fin bruk av presentasjonsverktøy, logisk struktur på presentasjonen.	Ryddig bruk av presentasjonsverktøy, logisk og klar struktur på presentasjonen.
Refleksjon	Lite refleksjon rundt eige arbeid, og manglande vurderingar av effekten av tiltaka gruppa har valt.	Ein del refleksjon rundt eige arbeid, og nokre vurderingar av effekten av tiltaka gruppa har valt.	Klar formulert refleksjon rundt eige arbeid, interessante vurderingar av effekten av tiltaka gruppa har valt.
PRESENTASJON			